

## Leige av oppbevaringskasse på fjellstyrehyttene

Fjellstyret tilbyr innanbygdsbuande å leige oppbevaringskassar på nokre av hyttene våre. Pr no er det leigt ut kassar på Bjørnavassbu og Belebu. På Belebu er det framleis nokre ledige kassar, medan på Bjørnavassbu er alle kassane utleigd.

Fjellstyre vurderer å ha også kassar til utleige på Naustet, Langavassbu og Raudåna.

Kassane er zargeskassar, som vist på biletet, med måla 60x40x40 cm. Kassane kan låsast med hengelås.

Oppbevaringskasse kan leigast for eit år om gongen for 750,- , eller som langtidsleige i fem år for 3000,-

Kassane er kjøpt inn for å gje eit tilbod til dei som ynskjer å oppbevare private eigedelar på hyttene. Det er ikkje lov å oppbevare private eigedelar på hyttene utanom i kassane.

Ta kontakt med fjellstyret på e-post [ullensvang@fjellstyrene.no](mailto:ullensvang@fjellstyrene.no) innan 31. mars viss du ynskjer å leige kasse



### Reglar for leige av kasse:

1. Leigetakar kan oppbevare hermetikk, tørrmat, klede og utstyr i kassen.
2. Det er ikkje lov å oppbevare ferskmat eller anna som kan lage lukt.  
Det er heller ikkje lov å oppbevare gass, brannfarlege væsker (bensin, diesel etc.), ammunisjon eller skytevåpen.
3. Dersom leiga ikkje blir fornya skal leigetakar rydde ut av kassen i løpet av det siste leigeåret.